

;

Bømlo Folkehøgskule

Årlig klima- og miljørapport for 2019



Beskrivelse av virksomheten:

Bømlo Folkehøgskule starta opp hausten 1983 og har i dag 23 tilsette (18 årsverk). Skulen ligg naturvakkert til på Finnås i Bømlo kommune. Skulen har 5 linjeval med hovedmål på læring og trivsel med spesielt fokus på fred, solidaritet, miljø og kreativitet. Skulen har 8 internathus og eit sentralbygg med kjøkken, matsal, fellesrom, gymsal og undervisningsrom. Dei siste åra har det vore mellom 90 og 100 elevar ved skulen.

Virksomheten sertifiseres etter følgende kriterier:

Felles kriterier, Videregående skole / folkehøgskole, Byggeier

Sertifikat


Type: 3-årig

Utstedt: 23 okt, 2018


Utløper: 23 okt, 2021

★ Systemkrav

Årlig omsetning




Antall årsverk for rapporteringsåret



Antall elever og ansatte

↓ -3% fra 2018



🗨 Kommentarer til Systemkrav

22 tilsette vår og 23 haust og 98 elevar vår og 85 haust 2019.


★ Innkjøp

Antall miljømerkede produkter til egen drift (frivillig å fylle ut)

↑ 59% fra 2018



Antall leverandører som har et sertifisert miljøledelsessystem som Miljøfyrtårn, ISO 14001, EMAS eller tilsvarende.



Andel (%) av innkjøpsvolum (målt i kroner) som er brukt på 3dje part miljømerkede/ miljøsertifiserte varer og tjenester

2015

2,00 %


🗨 Kommentarer til Innkjøp

Viser til samleoversyn innkjøp gjennom ASKO, innkjøp varer husmor og papirforbruk, lasta opp i dokumenter.

⚡ Energi


Energiforbruk

↓ -1% fra 2018



Energiforbruk pr. kvadratmeter

↓ -1% fra 2018




🗨 Kommentarer til Energi

Straumforbruket i 2019 var 1,7% lågare enn i 2018. Noko av det reduserte forbruket kan forklarast med av internata ikkje vart brukt til elevar hausten 2019, grunna noko lågare elevtal enn forventa. Viser straumforbruk, lasta opp i dokumenter.

⚡ CO2


CO2 totalt

↓ -8% fra 2018




Transport

Flyreiser




CO2 utslipp fra flyreiser

↓ -11% fra 2018




Drivstofforbruk, totalt

↑ 1% fra 2018



Drivstofforbruk per mil

↓ -2% fra 2018



🗨 Kommentarer til Transport


19,9 tonn lågare utslepp i 2019 i forhold til 2018, gir ein reduksjon på 27,7%

Linjeturen til Digital Workshop til USA hausten 2018 utgjorde 11,1 tonn. Denne linja vart ikkje starta hausten 2019, på grunn av for få elevar.


Viser driftstoff-forbruk og oversikt flyreiser, lasta opp i dokumenter.

 Avfall


Avfall



Kildesortert avfall




Avfall fordelt på antall elever og ansatte



Sorteringsgrad

↑ 12% fra 2018




🗨 Kommentarer til Avfall

Viser avfallsrapport, lasta opp i dokumenter.

★ Vannforbruk

Vannforbruk

↓ -99% fra 2018



🗨 Kommentarer til Vannforbruk

Det var ein reduksjon i vassforbruket i 2019 på 5,2% i forhold til 2018. Noko av dette er nok eit resultat av at eit av internata ikkje vart brukt til elevar hausten 2019, grunna noko lågare elevtal enn forventa. Viser vassforbruk, lasta opp i dokumenter.

Gjennomførte tiltak

Innkjøp og materialbruk

Vi brukar KNIF-avtalen (Kristen Norges Innkjøpsfellesskap), og gjer dette på same måten som tidlegare år.

Avfall

Vi har framleis stort fokus på sortering av avfall både på skulen og internata. Også under storvølinga i 2019 vart alt avfall sortert etter beste evne.

Vaktmeister har gått gjennom rutinar for sortering av avfall med nye elevar ved skulestart hausten 2019. Dei som arbeider ved sommarleirar og ferieopphald får også denne informasjonen under forkurset, der dei også går ein runde på heile skuleanlegget og blir kjent.

Vi har også kjøpt og brukar fleire sorteringsstasjonar på kjøkkenet og på skulen.

Energi

I 2019 var straumforbruket til skulen 514.248 kWh. Det er nedgang i forbruk på knappe 8.900 kWh, og tilsvarer ein reduksjon på 1,7% i forhold til 2018. Det er fjerde året på rad med redusert straumforbruk, og er resultat av energioptimaliserande investeringar sidan 2016. Dette meiner vi er veldig positivt!

Transport

1.535 fleire køyrte kilometer i 2019 enn kva vi hadde i 2018. Etter at vi i juli 2019 avslutta forholdet til ein personbil som også vart brukt mykje av elevar, vil nok tal køyrte kilometer bli lågare i 2020.

Utslipp til luft og vann

Vi har ikkje utslepp til luft og vatn.

Vannforbruk

Vi er nøgd med reduksjon i vassforbruket i 2019, men her er det også mykje å spare på gode tiltak med å få elevane til å dusje kortare.

Annet

Skulen arbeider framleis med å ha fokus på miljø, og den nye linja Back 2 Basic var også ein pådrivar for dette.

☰ Handlingsplan

Miljøpolicy med konkrete mål for helse, miljø og sikkerhet

Halde fram med arbeidet vi gjer i forhold til alle ledd i organisasjonen. Nytt verneombod har også ein del idear til korleis vi kan bli endå betre på miljø, og vi driv og gjennomfører det (til dømes levere inn sprayboksar, gammal maling m.v.).

Innkjøp: Mål, miljømerkede produkter eget bruk (frivillig)

85 produkter

Innkjøp: Mål, Miljøsertifiserte leverandører

25 leverandører

Innkjøp og materialbruk: Tiltak

Halde fram med fokus på emballasje når vi handlar, og vurdere materialbruken i forhold til miljø.

Energi: Mål

130 kWh per kvadratmeter

Energi: Tiltak

Etter heilrenovering av alle internata (8), nytt ventilasjonsanlegg i skulebygning, nye varmpumper både på internata og i skulebygningen, vil vi forvente at energiforbruket held seg på same nivå som 2019 - kanskje noko lågare.

Transport: Mål, total mengde drivstoff (frivillig)

7000 liter

Transport: Mål, drivstofforbruk pr. mil

0,8 liter pr.mil

Transport: Tiltak

Nyare bilar og bussar, der snittalderen sank frå 7,8 til 4,4 år etter at vi bytta inn ein gammal minibuss (2006-modell) og vraka ein personbil (2002-modell).

Avfall: Mål, Restavfall

7000 kg

Avfall: Mål, Kildesortering

70 %

Avfall: Tiltak

Vi skal halde fram å kjeldesortere slik vi gjer no.

Plastsortering er krevjande, all den tid det er vanskeleg å skilje mellom kva som skal i plastsortering og kva som er restavfall. Etter eit seminar med ein frå RagnSells fekk vi tilbakemelding på at skulen har mykje meir sortering enn kva han gjekk igjennom. Vi hadde vilje til å auke kkompetansen på dette området, men vi fann ut at vi gjer dette på ein bra måte i dag.

Utslipp til luft og vann: Tiltak

Halde fram med null-utslepp.

Annet

Vi skal arbeide med å følgje opp det historiske Berekraftvedtaket i Folkehøgskulen i Noreg, der vi forpliktar oss til innan 2030 å redusere klimagassutslepp med 40 prosent (med utgangspunkt i 2020), med særleg sikte på å redusere folkehøgskulane sine flyreiser der dette ikke er en naturlig del av undervisninga.

Vidare skal folkehøgskulane ha berekraftig utvikling som sentralt tema for sjølvevalueringa gjennom tre år, bruke Globalvettreglane aktivt i planlegging av studieturar og anna globalt engasjement i skulen sin regi.

Vi skal også utarbeide ein årlig lokal klimaplan og strategi for å nå berekraftmålene, og styrene for skulane skal leggje til rette for at kvar skule finn gode løysingar.

Når Bømlo Folkehøgskule allereie er sertifisert som Miljøfyrtårn, vil dette arbeidet vere noko lettare for oss - sidan vi til dømes allereie har på plass kor mykje co2-utslepp vi har frå flyreiser. Vi kan også bruke den årlege Miljørapporten til å utarbeide eit klimarekneskap.